

Statens vegvesen
REGION VEST
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Dato: 10.03.2017
Vår ref.: 2014/15115-85
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.:

Att. Heidi Kjennbakken

Fråsegn etter arkeologisk registrering - seismiske undersøkingar på Røtinga i samband med E39 Stord-Os - Os kommune

Viser til e-post datert 20.02.2017 angående seismiske undersøkingar på Røtinga i Os kommune i samband med E39 Stord-Os. Viser også til vårt brev datert 01.03.2017 med varsel om arkeologisk registrering, og e-post datert 06.03.2017 med godkjenning av kostnadsoverslaget for den arkeologiske registreringen.

Den arkeologiske registreringen vart utført 08.-09.03.2017. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Hordaland fylkeskommune har difor ingen vidare merknader i saka når det gjeld omsynet til kulturminneinteresser. Rapport frå registreringen og faktura for arbeidet vert ettersendt tiltakshavar.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.